



Tungen skule



Til føresette ved Tungen skule

Informasjon om hending ved skulen - tysdag 19. mars, 2019.

I går hadde skulen ei særskild hending, og me ønskjer med dette å informere kort om denne. Då det diverre er komme ut informasjon frå mange andre i etterkant av hendinga, er det viktig for skulen å presisere at mykje av dette ikkje er i tråd med dei faktiske tilhøva.

Hendinga var slik:

I matfriminuttet vart me gjort kjende med at ein gut, som ikkje er elev hjå oss, var på skulen. Me undersøkte dette, og me fann eleven i roleg samtale med nokre av elevane våre utanfor klasserommet deira. Det var ikkje då anna grunnlag til å gripe inn, bortsett frå å ta ein roleg samtale med guten.

Men innan nokre få sekundar, og før me fekk høve til å snakke med guten, fekk skulen melding om at nokon hadde fått med seg på sosiale medium at guten var på skulen for «å ta» ein av elevane våre, og at han skulle ta kniv med seg. Guten hadde sagt dette dagen før.

Då endra saka seg mykje, og skulen ringde straks til politiet, som kom etter nokre få minuttar.

Guten var då ikkje å finne, og politiet gav melding om at alle elevane skulle tryggast.

Elevane vart sendt inn att i klasseromma, saman med lærarane.

Politiet leita vidare etter guten, og etter ca. 10 minuttar gav dei melding attende til skulen om at dei hadde funne guten på ein anna stad og alt var i orden.

Elevane fekk då halde fram med friminuttet og skuledagen som vanleg.

Politiet gav vidare melding om at det ikkje hadde vore nokon kniv inne i biletet.

Hendinga på skulen gjekk føre seg svært roleg, og det var ikkje ordvekslingar eller konfrontasjonar av noko slag.

Guten var på skulen ca. 15 minuttar, og dei fleste av elevane merka ikkje anna enn at dei måtte inn att i eit friminutt. Andre elevar såg sjølvsagt at politiet var der, og at det såleis ikkje var ein normal situasjon. Klassane på mellomsteget var ikkje på skulen i det heile, då dei hadde ein flott skidag.

Tungen skule, 20.03.19

Jan Kåre Stedje
rektor